

## Saksprotokoll 17.09.2020 - kontrollutvalet

### Handsaming i møte

#### 1. Henvendig om faktureringsrutinar for ferge mellom Lavik og Oppedal

Leira og nestleiar i kontrollutvalet har motteke eit brev frå Karl Ivar Larsen dagsett 16.09.2020 som gjeld m.a. faktureringsrutinar for ferge mellom Lavik og Oppedal. Kontrollutvalet vart samde om å sende dette brevet til Ferde AS og Skyttel AS og be om deira syn på dei 3 spørsmåla som vert stilt på side 3 i brevet. Brevet, saman med svaret frå Ferde AS og Skyttel AS, vert å legge fram for kontrollutvalet som sak i neste møte.

#### 2. Innspel frå fylkesordførar om verbalforslag i budsjettet:

Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, fekk slik e-post frå fylkesordførar, Jon Askeland, 16.09.2020:

*«I sakspapira til FU i morgon ligg det RS-sak over politiske saker som kjem. Dette er bra. Men, politisk nivå har ved fleire høve bede administrasjonen om å også leggja fram oversikt over status på verbalpunkta i budsjettet, då desse ofte har form som bestilling av politisk sak. Det ligg til KU å sjå til at administrasjonen følgjer opp politiske vedtak.*

*Eg har drøfta dette med fylkesrådmannen, og han er samd i vurderingane mine, så det ligg inga konflikt i at eg tek dette opp med deg. Eg ser det meir som at vi vurderer betre system på tilbakemeldinga på verbalpunkta i budsjettet, som del av varsling av komande politiske saker.»*

Etter felles drøfting vart kontrollutvalet samde om å be fylkesrådmannen om komme i neste møte for å orientere om saka.

E-posten er også vidaresend til Deloitte slik at dei kan ta det med seg i det vidare arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som dei held på med no.

#### 3. Deloitte orienterer om status i arbeidet med risiko- og vestlegvurderinga (ROV)

Forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes fra Deloitte orienterte om status i det pågåande arbeidet med risiko- og vestlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for denne valperioden. Det kom m.a. fram at arbeidet har teke noko lenger tid enn planlagt m.a. grunna Covid-19 situasjonen. Det betyr at dei også har brukt nokre fleire timar enn det som ligg i den vedtekne prosjektplanen. Deloitte vert beden om å komme med eit notat til neste møte i kontrollutvalet der dei gjer gerie for dette. Notatet vert å legge fram som sak i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. a) Kontrollutvalet ber om at brevet frå Karl Ivar Larsen dagsett 16.09.2020 vert send til Ferde AS og Skyttel AS der ein ber om deira syn på dei 3 spørsmåla som vert stilt på side 3 i brevet.  
  
b) Brevet, saman med svaret frå Ferde AS og Skyttel AS, vert å legge fram for kontrollutvalet som sak i møte 12.10.2020.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i møte 12.10.2020 for å orientere om rutineane for tilbakemelding på status på verbalpunkta i budsjettet, jf. e-post frå fylkesordførar.
3. a) Kontrollutvalet ber Deloitte om å komme med eit notat til møte 12.10.2020 der dei gjer greie meirforbruket i samband med det pågåande arbeidet med risiko- og vestlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for denne valperioden.  
  
b) Notatet vert å legge fram som sak i KUV 12.10.2020.